

Vedlegg 2: Fordeling av tilskot til kommunale klimatiltak

Tilskotsordninga skal stimulere til klimaarbeid i kommunane i Vestland. Midlane skal nyttast til utvikling og gjennomføringa av klimaarbeidet i tråd med nasjonale og regionale innsatsområde, men med utgangspunkt i kunnskap om lokale behov. Normalt støttebeløp er maksimalt 200 000 kr og inntil 50 prosent av total kostnad. Kommunen må ha eigen finansiering, men dette kan vere i form av eigeninnsats. Fleire kommunar, interkommunale selskap eller kommunale føretak kan gå saman om å søkje, og støttesummen kan då vurderast auka opp. Søknadsfrist var 30. april 2021.

Tittel	Søkar	Søkt om	Innvilga	Skildring frå søknad
Klima- og energiplan	Austrheim kommune	100 000	100 000	Austrheim kommune skal få på plass ein ny Klima og energiplan. Dette for å følgja opp Regjeringa/Norge sine nasjonale og globale klima-målsetjingar. Austrheim kommune vil sjå på tiltak som kan føra til redusert energibruk og til mindre klimagassutslepp i heile kommunen vår. Me skal og miljøsertifisera kommunen vår, dette arbeidet er byrja. Den gamle klimaplanen er gått ut på dato, godkjent i 2011. (Propangass som varmar opp kommunehuset må ut, varmepumpe/solcelle inn/enøk. Klimatilpassing/ROS.
Vossaklima 2030 – ei samla satsing på medverknad og innbyggjarinvolvering	Voss herad	200 000	180 000	Voss herad er ein mellomstor kommune i Vestland fylke. Me søker støtte til planlagte medverknadsprosessar i samband med utforming av Vossaklima 2030, kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling.
Områdeplan for naturmangfald	Bjørnafjorden kommune	200 000	180 000	Kartlegging av naturmangfaldet i Bjørnafjorden kommune og utarbeiding av områdeplan for dette.
Kommunedelplan for energi og klima	Masfjorden kommune	150 000	150 000	Det vert søkt om støtte til å auka kunnskapsgrunnlaget i oppstartsfasen på følgjande felt: - Klimafotavtrykksanalyse for kommunen - Framskrivning av klimagassutsleppa i kommunen. - Gode prosessar for medverknad, både for å drøfte mål og startegiar, men og for å finne fram til gode tiltak som skal inn i handlingsdelen i kommunedelplanen for energi og klima
Kunnskap- roten til alt	Bergen kommune	200 000	100 000	Bergen kommune holder på å utarbeide en strategi for blågrønn infrastruktur. Ifm. dette arbeidet ønsker vi også å kartlegge hva som finnes av informasjon om naturmangfoldet i kommunen. Dette gjøres via flere tilnærminger, bl.a. analyser av eksisterende informasjon, gjennomgang av biologisk mangfoldrapporter samt kartlegging av hvilken kunnskap vi mangler.
Klima og miljøplan	Solund kommune	180 000	160 000	Solund kommune har gjort vedtak om at kommunen skal revidere klimaplanen der ein legg kunnskapsgrunnlaget til FN sitt klimapanel til grunn for dette arbeidet. Det er tenkt å legge arbeidet med klima- og miljøplanen tett opp til arbeidet med regional plan for klima.

Vossaklima 2030 – eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag	Voss herad	175 000	150 000	Voss herad er ein mellomstor kommune i Vestland fylke. Me søker midlar til å få på plass eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag i samband med utforming av Vossaklima 2030 - kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling.
Klimaregnskap med tiltaksanalyse	Askøy kommune	100 000	85 000	Askøy kommune søker om tilskudd til å øke kunnskapsgrunnlaget i oppstartsfasen av revidering av kommunedelplan Klima. Det søkes om støtte til utarbeidelse av klimaregnskap med tiltaksanalyse, samt møtevirksomhet for kunnskapsheving i organisasjonen. Dette er et viktig grunnlag for å komme vidare i planarbeidet i kommunen.
Kunnskapsgrunnlag for klimabudsjett og klimatiltak	Sogndal kommune	150 000	150 000	Sogndal kommune skal ta i bruk klimabudsjett for å få ned klimagassutsleppa og søker tilskot til å utarbeide eit godt kunnskapsgrunnlag som skal ligge til grunn for eit realistisk budsjett med treffsikre klimatiltak.
Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag om klima	Gulen kommune	200 000	175 000	Gulen kommune reviderer kommuneplanen sin samfunnsdel. Klima- og energiplanen skal inngå som ein del av samfunnsplanen for å tydeleggjere at klimaomsynet skal vere eit underliggende premiss for alt arbeidet som kommunen gjer. Utsleppa våre er opp 40% frå i fjor og vesentleg høgre enn nabokommunane våre. Dette må me få kontroll på.
Kunnskapsgrunnlag	Fjaler kommune	200 000	175 000	Kommunedelplanen frå 2010 er utdatert og det trengs ein full revisjon. Kommunen skal hovudsakleg revidere denne sjølv, men treng bistand frå konsulent til å lage eit kunnskapsgrunnlag. Dette må i hovudsak innehalde: <ul style="list-style-type: none"> • Klimafotavtrykksanalyse • Framskrivning av klimagassutslepp • Forslag til klimatiltak